

PLAN FOR OVERGANG BARNEHAGE – SKULE I SOGNDAL KOMMUNE



Sogndal
kommune

Innleiing

Plan for overgang barnehage-skule er laga med bakgrunn i Samfunnsplan 2021 - 2030 for Sogndal kommune, Barnehagelova og Rammeplan for barnehagen. Planen har som mål å styrkje samarbeidet mellom barnehagane og skulane, og gjere barna kjende med skulen og SFO for å gjere overgangen god. Kunnskap og erfaring frå barnehagen skal vere plattform for arbeidet i skulen dei første åra; dette krev at barnehage og skule har gjensidig kjennskap til kvarandre sitt arbeid. Me skal leggje til rette for eit heilskapleg opplæringsløp som tek omsyn til det einskilde barn sine behov. Barnehagane, skulane og føresette må vere i god dialog når det gjeld overgangen; det inneber at alle partar kjenner til Plan for overgang barnehage-skule, og at den er inkludert i andre planar.

I [samfunnsplanen](#) til Sogndal kommune 2021 - 2030 er “Best på oppvekst” løfta fram som eitt av satsingsområda. Med dette satsingsområdet ønskjer ein at dei som veks opp i Sogndal kommune skal oppleve å vekse opp som trygge og aktive barn og unge med meistringsglede, vere rusta til å møte livet, ha mot til å leve, mot til å bry seg, mot til å seie nei og mot til å ta eigne val. For å oppnå dette ønskjer Sogndal kommune å byggje gode psykososiale miljø saman med barn og føresette. Vidare vil ein sjå skular og barnehagar som ein del av lokalsamfunnet, og sørge for gode overgangar til barnehage, barneskule og ungdomsskule saman med barn og føresette.

I fylgje [barnehagelova §2a](#), har barnehagen plikt til å samarbeide med skulen i høve overgang frå barnehage til skule og skulefritidsordning. Samarbeidet skal medverke til ein trygg og god overgang. Barnehagen må ha løyve frå føresette for å kunne utlevere personopplysningar om barnet til skulen.

I [Rammeplan for barnehagen](#) ligg føringar på kva barnehage og skule skal gjere for å leggje til rette for ein trygg og god overgang til skulen og SFO. Desse føringane er bakteppet for samarbeidet mellom barnehagane og skulane med SFO i dei ulike skulekrinsane i Sogndal kommune. Føringane frå Rammeplan for barnehagen gjeld særleg overføring av informasjon frå barnehage til skule/SFO, og kva barna skal ha med seg inn i skulen av gode erfaringar og tru på seg sjølve. «*Dei eldste barna i barnehagen skal få høve til å gle seg til å begynne på skulen og oppleve at det er ein samanheng mellom barnehage og skule*» (KD, 2017:33).

TIDSPUNKT	ANSVAR	KVA
Heile året	Ped.leiar Styrar	• Skuleførebuande aktivitetar. • Uformelle besøk til skuleplassen. - Kan ta kontakt med skulen om ein ønskjer å nytte klasserom når dei har uteskule. • Barnehagane invitera dei andre barnehagane på besøk med førskulebarna i same skulekrins.
Haust	Styrar/ ped.leiar	• Helsesjukepleiar er med på foreldremøte for dei eldste; informera om blant anna førskulekontrollen.
November	Rektor	• Invitera ped.leiar til å observera i 1.klasse. • På BARSK-møte har me dialog om korleis overgangen frå barnehage til skule har gått.
Januar	Skulen	• Skulen tar kontakt med barnehagen for å få informasjon om barn som treng tilrettelegging og sped.ped.
Mars	Rektor	• Foreldremøte på skulen. - Barnehagen får referat tilsendt, og sender ut til føresette.
Våren	Ped.leiar	• Har barnesamtalar før foreldresamtalane; barna får koma med innspel om kven dei ønskjer å gå i klasse med. • Foreldresamtalar; nyttar felles mal for overgangsskjema. - Fortelja føresette at det er ein fin overgang frå barnehage til skule å ha SFO-plass til barnet dei to siste vekene før skulestart.
April	SFO	• Invitera føresette og førskulebarna til SFO-ettermiddag. - Open SFO der dei kan sjå korleis SFO organisera seg.
April/ mai	Skulen	• 3 besøksdagar i ein klasse der dei får vera med i undervisninga.
Mai/ juni	Rektor og ped.leiar Kontaktlærer	• Inndeling av klassar. • Overgangssamtale mellom ped.leiar og kontaktlærer. - Nyttar overgangsskjema frå foreldresamtalane. - Kontaktlærer helsar på barna.

Juni	Rektor	• 1.klassingane kjem på besøk i barnehagen dei gjekk i. - Dei fortel førskulebarna om korleis det er å gå på skulen, og so leikar dei og et lunsj saman. • Førskuledag - Viktig at den dei sit med i klasserommet er den dei sit med første skuledag. - Tryggleik for barna at førskuledagen er mest mogeleg lik første skuledag. • Klassevis foreldremøte • SFO inviterar førskulebarna på besøk veka etter skuleslutt.
	Rektor	
	Kontaktlærer	
	SFO	
August	Rektor	• Dei som ikkje har SFO-plass før skulestart kan komma på besøk.
Første skuledag	Kontaktlærer	• Gjere første skuledag mest mogeleg lik førskuledagen. • Tryggheit å blant anna vita kven ein skal sitta saman med.

Skal me ha fadderordning?

- Felles utedag med fadrane der 1.klasse har uteskule?
- Opplegg med fadrane nokre gongar i året på barnetrinnet?